



Fjord kommune

Ordføreren

Helse Møre Og Romsdal Hf
Postboks 1600

6026 Ålesund

Vår ref.

24/1283//TERMOE/

Dykkar ref.

Dato:

21.06.2024

Høyringsinnspel Samarbeidsavtalen 2025 frå Fjord kommune, saksnummer 2024/1795

Det har dei siste åra blitt skapt stor usikkerheit på rehabiliteringsfeltet. Helsefellesskapsavtalen har ikkje vore god nok til å klare å fange opp og involvere kommunane i prosessen Helse Midt-Norge har lagt opp til for endring av tilboda på spesialisert rehabilitering.

Denne omfattande prosessen har aldri vore oppe til diskusjon i partnerskapsmøtet i Helsefellesskap Møre og Romsdal, og heller ikkje vore tema i Fagleg samarbeidsutval for rehabilitering. Anbudsprosess og behovsanalyse vart lansert berre nokre få månadar før Nasjonal Helse- og samhandlingsplan skulle leggest fram. Dette har ført til eit ordføraropprør frå dei 64 kommunane i Helse Midt-Norge (samtlige kommunar i Møre og Romsdal og Trøndelag), for å få Helse Midt-Norge i tale og dialog. I tillegg kom Riksrevisjonen i februar 2024 med ein knusande rapport over arbeidet med rehabilitering i helse- og omsorgstenestene.

Fjord kommune kan ikkje sjå at framlegg til ny avtale har endringar som tilseier at samarbeidet innan rehabilitering skal bli betre. Vi forventar at det vert utarbeidd eit nytt utkast til avtale der dette er drøfta og med forslag til korleis kommunane og Helse MR/Helse Midt-Norge skal samhandle for å utvikle rehabilitering i helse- og omsorgstenestene.

Med helsing

Terese Jemtegård Moen
ordførar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskriven signatur.

Kopi til:

Bjørn Inge Ruset

Sunnmøre Regionråd Iks

Postboks 1521

6025

Ålesund

Postadr.:

Postboks 144
6211 Valldal

E post/heimeside

post@fjord.kommune.no
www.fjord.kommune.no

Telefon

418 67 800

Bankgiro:

3910 65 78234

Organisasjonsnr.

921 891 687

